



@coop.no  
v/thomas.larsen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/27 - 16/21382

Saksbehandlar:  
Arne Helgesen  
HELA@lindas.kommune.no

Dato:  
10.08.2016

## Referat fra telefonmøte med Coop Rognaldsen.09.08. 2016

Med på møtet var: Thomas Larsen og Tom Larsen fra Goman Rognaldsen A/S Arne Helgesen og Atle Dingen fra Lindås Kommune.

Fra 28.07. 2016 fram til i dag har det vert ein skriftleg dialog mellom Teknisk drift VA v. Arne Helgesen og Thomas Larsen hos Goman Rognaldsen. Thomas Larsen skriv i mail 08.08.-2016 at han ønsker at vi skal kontakte Tom Larsen på telefon.

Lindås Kommune har mottatt to uavhengige meldinger om fett som flyt på sjøen i Ådnevik, misfarging av sjøen, og dårleg lukt.

Det er to forhold ved Gomann Rognaldsen som blei diskutert i dagens telefonmøte.

### 1. Kloakkpumpestasjon.

Bakeriet er avhengig av at kloakkpumpestasjonen til ein kvar tid er i drift. Dersom denne stopper vil det renne i overløp ut i sjøen inne i Ådnevik. Tom Larsen Opplyser at dei har overvaking av stasjon, det lyser ei raud lampe dersom kloakkpumpestasjon ikkje er i drift.

Det er usikkert kva som får varsellyset til å lyse, er det at pumper ikkje går, eller er det at stasjonen renner i overløp. Dette må avklarast, det burde vert alarm både på overløp og stans av pumpe.

Det må og innarbeidast rutiner for tilsyn av stasjon f. eks. kontroll 1. gog pr. veke for å sikre at stasjonen er i drift.

Tom Larsen opplyser at det har vert problem med avløpspumpestasjon , feil motering av pumpe etter service, dette kan ha ført til at stasjonen har gått i overløp, problemet er no utbedra.

Bakeriet bør også ha ei reservepumpe på lager, dersom pumpa i stasjonen blir defekt, og det er nødvendig med service, dette for å unngå at stasjonen renn i overløp til pumpa igjen er på plass.

Det må også undersøkes at pumpestasjon har tilstrekkeleg kapasitet, når det er max belastning.



## 2. Fettutskiller.

Kommunen har to gonger den siste tida fått inn melding frå huseigara i Ådnevik om observasjon av farga vatn, og fett som flyt oppå sjøen i området ved Ådnevik. Det er registrert at dette kjem frå utsleppsrør nedafor bakeriet. Rør som kjem ut her er overvatn, og overløp frå avløpspumpeastasjon. Går ut frå at det ureina vatnet må ha komt frå overløp avløpspumpeastasjon. Sidan det er både fett og ureina vatn som kjem ut i sjø, er dette eit teikn på at fettutskiller nok ikkje fungerer optimalt, dersom denne hadde fungert slik den skal, skulle fettet ha blitt igjen i utskiller, og kun ureint vatn rent ned til avløpspumpeastasjon.

Thommas Larsen opplyser i mail 08.08. 2016 at fettutskiller er kontrollert og at den er tett. Diskuterte alder og tilstand på eksisterande fettutskiller med Tom Larsen, vi var einige i at sjølv om denne ser ut til å vera tett, er den nok gått ut på dato. Utskilleren er 34 år. Nye utskillere i dag er garantert ei holbarhetstid på 25 år. Gamle utskillere av denne typen, har ei antatt lavere holbarhetstid. Tom Larsen opplyser at det nok ikkje er mulig å få in ny utskiller i år, men at dette kan komme inn på budsjett til neste år. Søknad med berekningsgrunnlag, kan sendast inn løpet av året, slik at ein får klarlagt kva type/størrelse som er korrekt for denne bedriften. Det som er særleg viktig fram til ein får inn ny fettutskiller, er at avløpspumpeastasjon er i kontinuerleg drift, slik at den ikkje går i overløp. Dette for å sikre at ein ikkje får utslepp til sjø. Noko som er svært uheldig.

Med helsing

Arne Helgesen  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Anne Lise Molvik  
Atle Dingen  
Linda Folkestad

**Mottakarar:**  
@coop.no